

Mal for opprettelse av nye emner ved Det juridiske fakultet

For saksforberedning og fremlegg til programråd/vedtaksorgan

Emnenavn: Domskrivning og domsanalyse

Behov, økonomi og ressurser.

Begrunnelse for opprettelse av emnet
Tekst adresseres til PMR
Det er ikkje tale på å oppretta eit nytt emne, men om å leggja om valfaget JUS5903 «Supreme Courts, Politics and Rule of Law in Europe: Past, Present and Future» til faget «Domskrivning og domsanalyse». I praksis vil det seia ei omlegging frå eit fag om domstolar sin plass i samfunnsstyringssystemet til korleis dei bidrar til samfunnsstyring og kommuniserer gjennom sine domsavgjerdar. Faget skal utformast slik at ein kan bruk eit breitt spekter av pedagogiske verkemiddel som kjeldenærlesing på zoom, tandemførelesing saman med dommarar, flipped classroom, videoar til delvis erstatning for hovudlitteratur, samt gruppeeksamen der ein skriv ein dom, og individuell eksamen der ein reflekterer over dommen ein har skrive. Min motivasjonen for omlegginga er tredelt: For det fyrste var mykje av motivasjonen for eit engelskspråkleg valfag om domstolar og rettsstat at det skulle tiltrekka seg både Erasmus- og norske studentar, slik at ulikskap i rettskulturell bakgrunn skulle spora til diskusjon og studentdeltaking i undervisninga. Med koronapandemien har dette vorte vanskeleg å oppnå. For det andre er mykje av motivasjonen for å leggja om til eit fag der studentane lærer domsanalyse, at eit slikt fag heilt manglar trass i at dommar er ei viktig rettskjelde i norsk rett, dommaryrket ein karrieremoglegheit for våre studentar, og at domstolar gjennom sine dommar har ein viktig rettsstatsfunksjon. Erfaring viser at nærlesing av rettslege tekstar er særst godt eigna til å få i gang diskusjon og studentdeltaking i undervisninga. For det tredje har erfaringane med Spørsmåls- og kjeldeførelesingane i JUS3220 lært meg at zoom er ei særst eigna plattform til nærlesing av kjelder, som vil stå sentralt i eit nytt JUS5903. Samtundes gjev zoom ein langt større fleksibilitet når det gjeld tandemundervisning, noko ein vil utnytta med å ha med 8 dommarar som medundervisarar. Zoom gjev òg fleksibilitet når det gjeld undervisningsstad, og kurset kan difor opnast opp for studentar frå alle dei tre masterstudia i rettsvitenskap i Norge.
Kostnadsberegning
PMR sekretær fyller ut dette
Ingen endringer eller økte utgifter, emnet erstatter et annet emne i porteføljen Det søkes om å auke undervisningsmengden i emnet frå 10 dobbelltimer som er ordinært for norske valgemner til 12 dobbelltimer. Økningen i undervisningsmengde finansieres av CELL gjennom frikjøp av ansvarlig faglærer de to første årene emnet skal gå. Det er ønskelig å spille inn formidlingsvideoer som skal brukes som forberedelse til den diskusjonspregede undervisningen, innspilling av videoene finansieres av CELL. Det er ønskelig å bruke eksterne dommere som del av undervisningen, det vil delta til saman 6 dommere i løpet av undervisningsperioden, de deltar hver en klokke time. De er gjort en intensjonsavtale med Domstolsadministrasjonen om at dommerne gjør dette som en del av sitt ordinære arbeid. Det er gjort avtale om deltakelse med 7 dommere.
Ressurser

- <i>Finansiering av emnet</i>	Ordinær og med særskilt støtte fra CELL og på sikt CELL Norge
- <i>Institutttilknytning</i>	IOR
- <i>Faglig ansvarlig</i>	Jørn Øyrehagen Sunde
- <i>Faglærere</i>	
- <i>Administrativt ansvarlig</i>	Anne-Brit Strandset og CELL
- <i>Programtilknytning</i>	MiR

Emnets innhold

Innhold Beskriv emnets faglige innhold, en kort presentasjon av innhold i emnet med fokus på faglige temaer. Teksten inngår på emnesiden og skal være statisk informasjon, dvs. ikke gjenstand for jevnlig revisjon.	
«Domsanalyse og domsskriving» er eit emne der studentane skal få inngåande kunnskap om den juridiske dommen som tekstsjanger. Dette skal dei oppnå gjennom å lære å analyserer dommar frå både nasjonale domstolar på alle nivå, og frå transnasjonale domstolar med særleg relevans for Norge. Analysen skal gjelda argumentasjon, og korleis denne vert gjort presentert ved bruk av tekstlege verkemiddel. Faget vil difor både ha eit klarspråk- og eit metodeelement, og gje ferdigheiter i tekstanalyse og juridisk metodebruk. Faget vil òg inkludera eit historisk og komparativt perspektiv for å visa korleis domssjangeren vert forma på bakgrunn av tradisjon og retts- og domstolssystemet si utforming, som saman skapar samfunnsforventingar. Studentane skal vis at dei har tileigna seg dette ved å saman i ei gruppe skriva ein dom som semesteroppgåve, og individuelt reflektera over dommen i ein munnleg eksamen.	
Hva lærer du? Skriv 1-2 setninger (spisset i forhold til læringsutbyttet). Det skal i forhold til forrige punkt; "Innhold", være fokus på sluttprodukt, kompetansemål/ konkrete ferdigheter. Eks: «Emnet skal gi studentene en grunnleggende forståelse av begreper, problemstillinger og arbeidsmetoder innen[...] Etter emnet skal studenten[...]» Teksten inngår på emnesiden og skal være statisk informasjon, dvs. ikke gjenstand for jevnlig revisjon.	
Emnet skal gjera studentane i stand til å 1) analysera argumentasjon og tekstlege verkemiddel i dommar, 2) til å sjølve skriva ein dom, og 3) til å reflektera kritisk over egne og andre sine dommar.	
Læringskrav Læringskravene fremgår på emnets semesterside og har klar sammenheng med litteraturlisten. Læringskravene skal deles inn i kvalifikasjonsrammeverkets tre kategorier. For å beskrive kunnskaper kan man for eksempel bruke formuleringer som 'kjenne til..', 'forstå.'. For å beskrive ferdighetsmål kan man for eksempel bruke formuleringer som 'anvende', 'analysere', mm.: Generell kompetanse kan for eksempel være ikke-fagspesifikke kunnskaper, ikke-fagspesifikke (overførbare) ferdigheter, eller holdninger. Læringskravene bør ellers være korte og konsise, og bør settes opp som en punktliste.	
Kunnskap	Innsikt i domssjangeren, samt i ulike variasjonar mellom ulike instansar og mellom nasjonale og transnasjonale domstolar. Forståing av dei argumentasjonsformer og dei tekstlege verkemiddel som domssjangeren femner om. Kunnskap om korleis den speglar samfunnsforventningar skapt gjennom tradisjon, utforminga av retts- og domstolssystemet, og gjeldande juridisk metode.
Ferdigheter	Evne til å analysera, skriva og reflektera over dommar på bakgrunn av kunnskap om metode, klarspråk og relasjonen mellom domstolar og omverda, digitale ferdigheiter, ferdigheiter når det gjeld å diskutera og arbeida fram eit produkt gjennom gruppearbeid, og ferdigheiter i å presentera, forklara og forsvar munnleg sitt skriftlege arbeid.
Generell kompetanse	Klar og reflektert juridisk argumentasjon og språk, basert på god metodeforståing og kunnskap om domstolane sin funksjon i rettspleia og samfunnet, evne til å identifisera og realisera dei verdiar som ligg til grunn for domsutforminga, samt sjå dei etiske problemstillingar domsskriving impliserer, og evne til å setja den inn i ei historisk og komparativt kontekst.

<i>Er aktuelle kjønnsperspektiv inkludert i faget?</i>	Kvinner utgjør en stadig større del av det samlede dommerkorps. Derfor skal kvinnelege dommerar utgjøre en tilsvarende stor del av undervisningskorpsen i faget.
Litteraturliste For emner som inngår i MiR programmet er sidetallsnormen 40 s. pr stp ved ba-nivå, 50-60 s. pr stp ved ma-nivå. For samfunnsvitenskapelige emner som f.eks HUMR-emner gjelder maks 80 s. pr stp.	
<i>Innføringslitteratur</i>	- Arnfinn Bårdsen, «Å forstå og bli forstått – Om klart språk i domstolene», foredrag holdt 05.12.2016, 16 sider; https://www.domstol.no/globalassets/upload/hret/artikler-og-foredrag/a-forsta-og-bli-forstatt---bardsen-05122016.pdf
<i>Hovedlitteratur</i>	- R.V. Fjeld, M. Jenssen, T. Mowatt, T. Kjørtnerud, <i>Anbefalinger om domsskriving</i>, DAs rapportserie 1/2015, 60 sider - A. Barak, "On judging", <i>Judges as Guardians of Constitutionalism and Human Rights</i> (M. Scheining, H. Krunke, M. Aksenova red.), Edward Elgar Publishing, 2016: 27-49 (23 sider) - L. Epstein, Lee, "Some Thoughts on the Study of Judicial Behavior", <i>William & Mary Law Review</i> 57 2016: 2017-2073 (57 sider) - A. Løvlie, "Fakta og juss", <i>Juridisk metode og tenkemåte</i> (A.P. Høgberg og J.Ø. Sunde red.), Universitetsforlaget, 2019: 135-172 (38 sider) - A.P. Høgberg, «Domstolspraksis som rettskildefaktor», <i>Juridisk metode og tenkemåte</i> (A.P. Høgberg og J.Ø. Sunde red.), Universitetsforlaget, 2019: 259-292 (34 sider)
<i>Tilleggs litteratur</i>	- A. Jakab, A. Dyevre, G. Itzcovitch, "Conclusions", <i>Comparative Constitutional Reasoning</i> (A. Jakab, A. Dyevre, G. Itzcovitch red.), Cambridge University Press, 2017: 761-797 (37 sider)
<i>Hva er den kjønnsmessige balansen blant forfatterne oppsatt som hovedlitteratur?</i>	Det er en kvinneleg eineforfatter (Lee Epstein) og en kvinneleg medforfatter (Mette Jenssen), og saman har dei halde i pennen på om lag halvparten av hovud- og innføringslitteraturen. Den kvinnelege hovudforfatteren sitt bidrag utgjør litt over 20% av den samlede litteraturen.
<i>Er aktuelle internasjonale rettskilder eller fremmedspråklig litteratur inkludert?</i>	Litt over 30% av hovud- og innføringslitteraturen er engelskspråkleg.
Tillatte hjelpemidler til eksamen	
Alle hjelpemidler tillat	

Om emnet

Generelle fakta om emnet		
Emnekode i FS (fylles inn etter eventuelt vedtak om opprettelse)	JUS5xxx	
Emnenavn – bokmål	Domsskrivning og domsanalyse	
Emnenavn – nynorsk	Domsskrivning og domsanalyse	
Emnenavn – engelsk	Writing and analysing court decisions	
Antall studiepoeng	10	
Eksamenssemester (sett kryss)	Høstsemesteret ☐ x Vårsemesteret ☐	
Undervisningssemester (sett kryss)	Høstsemesteret ☐ x Vårsemesteret ☐	
Studienivå (sett kryss)	BA (Bachelor) ☐ MA (Master) ☐ x	
Hvis emnet inngår i en profil/emnegruppe, oppgi hvilken.		
Opptak og adgang		
Hvordan oppnås studierett til emnet? Studieprogram, evt andre opptak.	Studierett til masterstudiet i rettsvitenskap,	
Har emnet obligatorisk undervisning?	Nei	
Forkunnskaper		
Obligatoriske	Studenter må fylle ett av disse kravene: - Bestått 1. - 3. studieår i masterstudiet i rettsvitenskap (eller eksamener som kvalifiserer for fritak for disse) eller - Fullført masterstudium i rettsvitenskap ved UiO (profesjonsstudium) eller tilsvarende. Du er unntatt fra forkunnskapskravene hvis du har opptak til et annet masterprogram ved UiO der juridiske valgemner er integrert i studieprogrammet.	
Anbefalte		
Faglig overlapp med andre emner		
List opp emner og angi overlapp i studiepoeng <2/3 overlapp = fullt overlapp Mellom 2/3 og 1/3 overlapp = halvt overlapp >1/3 overlapp = ingen overlapp	Emne	Studiepoeng
	Ingen overlapp	

Undervisning			
Undervisningsformer	Sett kryss	Antall timer	
- Forelesninger	☒ X	• 24 (12 dobbelttimer) totalt • 2 dobbelttimer (første og siste skal skje fysisk, resten gjennomføres på zoom) • 9 klokketimer med deltagelse av ekstern dommer • Formidlingsvideoer spilles inn og finansieres av CELL	
- Kurs/Seminar	☐		
- Frivillige kurs-/fak.oppgaver	☐		
- PBL-undervisning	☐		
- Basisgrupper	☐		
-Veiledning	☐		
Beskriv eventuelle obligatoriske arbeidskrav eller undervisning	Obligatorisk innlevering av utkast til semesteroppgåve for kommentering.		
Eksamen			
Eksamensform	Semesteroppgave med to elementer: • Å skrive ei semesteroppgåve i form av ein dom, saman i ei gruppe. Inga ordgrense • Munnleg individuell eksamen der ein skal gje ei analyse av egen dom. 30 minutt		
Eksamenstid	Settes i samråd med ansvarlig faglærer, semesteroppgaven legges over større deler av semesteret med en sentralt innleveringsfrist. Det er ingen øvre eller nedre grense for semesteroppgaven, men det er grunn til å forvente at studentene skriver en dom på rundt 20 sider. Semesteroppgaven er et gruppearbeid der det skal spesifiseres hvilke deler som er skrevet av hvilke student. Gruppene skal være på 3-4 studenter. (Arbeidsforventningen vil justeres etter gruppens størrelse). Å skrive et bidrag på rundt 5 sider, samtaler og samskriving vil ta rundt 25 timer.Førebuing til og gjennomføring av munnleg eksaman vil ta 10 timar.		
Karakterregel (sett kryss)	A-F (bokstavkarakter)	☒ x	
	Bestått/Ikke bestått	☐	
Gis det utsatt eksamen? (sett kryss)	Ja	☒ X	
	Nei	☐	
Inngår emnet i kvoteordning for gjentak av bestått eksamen? Gjelder emner som kan inngå i graden Master i rettsvitenskap	Ja		
Språk i undervisning, litteratur og eksamen			
	Norsk	Engelsk	
- Undervisning	☒ x	☐	
- Litteratur (pensum)	☒ x	☒ x	
- Eksamensoppgave	☒ x	☐	
- Eksamensbesvarelse	☒ x	☐	

